



Mona Rosendahl og Nadja Teleste (opprinneleg frå Kazakstan!) fekk opplæring i kassa på SPAR måndag. "Instruktør" var Jeaneth Rangsæter, som står til høgre. Tysdag kjem Vivian Øvstebø og Irene Tombre og onsdag skal Lena Medhaug og Eirin Seljestad få innføring i det for dei nye systemet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Det er hyggeleg å kunne visa kundane våre at vi kan jobba saman som gode kolleger og læra av kvarandre sjølv om vi i realiteten er konkurrentar.**

Det sa dagleg leiar for SPAR Bente Nilsen til uskedalen.no då ho måndag presenterte to heilt nye ansikt i kassene.

Mona og Nadja har tidlegare vore å finna i kassene til Drageset på Husnes. No er Drageset seld til Norgesgruppen og blir til EUROSPAR frå 17. april etter ombyggjing.

- Då kjem butikken på Husnes og vi riktignok i den same familien, men i praksis vil vi jo likevel vera konkurrentar, forklara Bente.

- Men så var det desse "nye" kassadamene....

- Jau, seks tidlegare Drageset-tilsette som no skal over i EUROSPAR treng opplæring i det kassasystemet som SPAR har og som også omfattar Cash Gardener.

Det er grunnen til at vi har nye ansikt i kassene dei tre første dagane denne veka.

Men eg må legge til dette: Sjølv om vi er konkurrentar må vi registrera at det som no skjer styrker SPAR-profilen i Kvinnherad og at det er noko som i neste omgang kjem alle til gode, sa Bente.

Av Ola Matti Mathisen